

høgnorsk mytt

NR 4/00 DESEMBER

Motvind for høgnorsken i NMU

Hausten 2000 var ei motburdsam tid for høgnorsken. Ikkje av di styremaktene stelte til meir ugagn for oss og målet vårt i denne bolken eller at mange hev mist modet og slutta med høgnorsk, men av di ein av samskipnadene som til no hev gjeve rom for høgnorskbruk, Norsk Målungdom, vart valplass for hardsett strid um målbruk. Frå leidande krinsar i sentralstyret i NMU vart det fremja framlegg um ein målnormal som skulde halda høgnorsken ute av storparten av lagsbladet Motmæle. Målsetnaden var å hamra fast ein eigen NMU-normal der i-former og andre høgnorske innslag skulde stengjast ute. Argumentet frå leidaren i NMU og andre sentralstyremedlemmer som stude framlegget, gjekk ut på at ein normal innanfor gjeldande rettskriving var god og norsk nok; høgnorsken støytte nyinnmelde

Klassikaren:

"Det er visse Folk, som alltid klage over Eensidighed hos andre, og som alligevel selv kunne vise den allerstørste Eensidighed, saasandt som Talen kommer inn på en Ting, som de ikke ret kunne lide. Man kan da gjøre så mange Modsigelser, som man vil; man kan give nye Oplysninger i Hobetal og forsvare Sagen med de allerklareste Grunde: det nytter dog allsammen intet, de ere fremdeles de samme; de have intet lært og intet glemt."

Ivar Aasen

folk undan samskipnaden og å vedtaka ein fast normal som folk skulde bruka i bladet, var ei reint demokratisk sak.

Strid um målet i sentral- og landsstyret

No er det mykje som hev vorte heia fram i namnet åt demokratiet. Store inngrep i personleg fridom hev vorte rettferduggjorde under denne høgspende fana – me godkjenner deim ikkje av den grunn. Når alle veit at rettskrivingssaki rømer sterke motsetnader, er det grovt og umsynslaust å fara fram som um mindretalet skal bøygja seg for eit fleirtal, same kor stort. I alle år i målrørsla når det hev vore strid um rettskriving, hev ingen av fløyene teke til ords for å målbinda motparten, nøyda motmennene til å dansa etter deira pipa, ikkje si eigi. No hev det so hendt, og det øvste styret i NMU gjekk i brodden for det. Då saki kom upp i landsstyret, hadde like vel sume kome på glid, og i røystingi fekk ikkje det høgnorsk-fiendslege framlegget fleirtal. Fleirtalet i landsstyret stude i staden eit framlegg som vilde tryggja høgnorsk i Motmæle. Då nokre røystingar syntte slikt fleirtal, bad leidaren i NMU um røysting um det i det heile skulde gjerast vedtak i saki. Det vart då stort fleirtal mot å gjera vedtak. Ei vand og pinefull sak fekk soleis ei uklår

endelykt, og mange som hev vore aktive i NMU den siste tidi, spyrr seg no kvar NMU stend i synet på å kunna nytta høgnorsk. Dei fremstetillitsvalde der i garden er enno sers motviljuge til å sjå høgnorsk på prent; sume held fram at høgnorskingar skal få lov til å skriva det privat, men ikkje i namnet åt NMU eller i bladet. Inkje under då at sume høgnorsk-skrivande kjenner seg lite velkomne i NMU-miljø etter dette.

Då – og no

Tidleg i 1990-åri hadde leidingi i NMU mykje godhug for tradisjonell nynorsk. Sume av leidarane i samskipnaden, Hans Olav Brendberg, Bård Eskeland og Kari L. Bjørnsvik, skreiv sjølv høgnorsk i leidarteigen i målungdomsbladet Eg, og gamle høgnorske klassikarar vart prenta upp att og mangfalda. I 1989 høgtida NMU, Studentmållaget i Oslo og Oslo Mållag hundradårsminnet åt høgnorskmannen Gustav Indrebø. Mot slutten av 90-åri ser me berrsynt at ei ny stemmeleid tek form: I takt med at NMU hev nærma seg til Noregs Mållag, hev kravet til rein norsk slakna. Medan Norsk språkråd tukla med læreboknormalen, hævda leidande NMU'arar at rettskriving var uviktugt. Soleis tente dei interessone åt dei mektige samnorskane i Språkrådet. Studieboki »Målføri og nynorsken« (1999) frå

studieutvalet i NMU, som var førd i pennen på i-mål, vart møtt med ei kald skulder av sentralstyret, og boki hev sidan snaudt vore spreidd.

Vonbrot og framvon

Det er for tidleg å segja at NMU er tapt for høgnorskfolk, men klimaet for å nytta høgnorsk der hev vorte surt og ugjestmildt. Motburden denne hausten hev gjort folk uhuga på å halda fram i tillitsumbod og lagt ein tydeleg dempar på arbeidsgløden. Men um det so blæs nordanvind frå alle kantar eit bil, kann inkje taka frå oss trui på at saki vår er liv lage. Høge herrar og sterke krafter hev stade imot oss lenge, men me hev synt at det spenn so mykje liv i oss at me greider endå til dei tyngste knipetaki. Når jamvel storverket i år frå ei av høgborgene åt samnorsken, Det Norske Samlaget, er skrive på høgnorsk (dagbøkene åt Olav H. Hauge), ber det bod um at målet vårt kann INGEN koma utanum. Det kjem til å standa der i regn og kulingkast like trygt, ein vegvisar mot det norske målet som folket kann nytta – berre det sjølv vil. Fyreloga vår er å halda det uppe og berga det på alle umkverve – i trass, i mod, av norsk vilje, av umsyn til ættledene som fylgjer etter oss. Kvar hev sin serskilde grunn, men målets samlar oss i éi fylking. Me kann ikkje nokon gong sleppa målet ned.

høgnorsknytt

Bladstyarar:
Håvard Tangen

– meldingsblad for Høgnorskringen
Tilskrift: Grensa 8, 0159 OSLO
Telefon: 22 33 68 10
Kontonn: 0530 4945119

Målreinsking - ein uting?

Nøkut av dat sem kjenneteiknar målet mitt, er at eg ermålreinskande. Dat vil segja, at eg ikkje godtekr lånord sem eru kòmi inn i dat nòrskamålet. Eg er ikkje imot lånorde i målføre, må vita. Eg tykkjer òfta at sereigje lånord i eit målføre skulu hava livsens rett. Dei eru med på åd gjeva dat målføret ein serdåm, nøkut sem er med på åd skjilja dat målføret frå hi. Men i *ritmålet* vårt, dar tykkjer eg me ljota setja hære krøv. Kvifyr, kjemr du kann henda til åd spyrja. No, eg tykkjer dat skal vera ein viss skjilnad på ritmålet òg talamålet. Ikkje på dan måten at eg vil at fòlk skulu leggja um målføringje nær dei rita. Dei skulu rita lika stutt, greidt òg beint (òg nòrskt!) sem dei gjera nær dei tala. Men eg vil at me megu hyggja meir på kòrsu *ord* me nøyta. Eit ritmål skal sem me vitu gjeva atter tjodskapen vår. Burde me ikkje då greida òss med dan utrulegje rikdomen i ordtilfangjet me då hava i òll målføre vår? Òfta eru orde mesta gjøymd burt, av di me tykkja dei ikkje høva i eit tjodlegt ritmål no til dags. Men dat er sjølvsgagt heilt galit. Dat nòrska fòlkjet hevr greidt seg meiren gòdtnog med dei heimlege orde i fleire hundrud år. Skulde desse orde med eitt ikkje vera nøytande lengr? Me skulde snarast råd heimta upp att òll dei orde sem Ivar Åsen, Hans Røss òg jamningarne deira samnade. Attåt hava me til all heppa ein rik bokheim på eit nosso målreinskandemål.

Eg vil samanlikna stòdo vår med dan hjå islendingarne. Dei eru sem kjent sers målreinskande. Dei eru eit litet fòlk, òg

ein skulde tru at målet deira snøgt havde komittil åd liggja under fyr dat danska målet i fòrna tider, òg fyr engelsk i dag. Men dat hevr ikkje hendt. Målet deira greider seg røynlegt betre en vårt. Kòrsu kann dat hava seg? Eg trur dat kjemr av at dei eru sers byrgje av målet sitt, òg byrgje av *målreinskingje* si. Dei vitu, både gjenum opplæring òg røynsla, at dei greida åd finna god islenssk ord òg ordlòg fyr òll dei utlendske sem herja so på fastlandet. Dat må evlaust vera slik at eit slikt fòlk sem er so målmedvitit, gjerer at målet heldr seg betre, og attåt meir tjodlegt. Skulde me ikkje yskja at dat var soleides i Nòrig? Jau, sjølvsgagt. Men dat kjemr ikkje av sjølvu ser! Islendingarne hava greidt detta med god òg hørd vitskapleg vinna, òg me byrja ikkje gjeva slepp på dan sama lina sem målgrenskararne kring hundradårskjiftet byrjade på her i Nòrig.

Endå trur eg at desse merknaderne falla til jardar. Sume samhugast med meg, men eru endå ikkje viljugje til åd verda målreinskande sjølv. Adre, òg dei eru flest, tykkja målsyne mi ertòskut. Eg høyrer òfta dei same motmæle frå båda sidur. Eg skal freista åd gjeva atter dei merknaderne eg jamt fær, òg skal freista åd svara på deim.

1. "Dar er so mòng undarleg ord i målet ditt!" Detta er vel nøkut alle kjenna att frå bokmål- òg riksmålsida. Òll desse "rare" orde ... Nei, hugse på at *orde* i seg sjølv då ikkje eru meir undarleg en ònmur. Fòlk tykkja bara dei eru undarleg av di dei ikkje eru vane med åd sjå deim. Ja, det skulde vel

då vera væntelegt at me ljota nøyta desse orde meir, so fòlk skjyna deim greidare, òg ikkje tykkja dei eru undarleg lengr? Men nei, dat tykkja de ikkje! Me skulu tvert um halda upp med åd nøyta desse orde! Dat hevr inkjet åd segja um desse orde eru god eller ikkje. So lengje fòlk tykkja dei eru “ròr”, då ljota me finna ònnur ord. Detta hengr sjølv sagt ikkje på greip! So kvifyr tykkja de detta då? Jau, av ein einskjild grunn. De eru rædde fyr at fòlk verda skræmd burt frå nòrskjen, at dei ganga yvi til nòrsk-danskjen i staden. Difyr er dat betre åd tekkjast deim, åd visa deim at me då ikkje hava so mòng “ròr” ord. “Bara sjå”, segja me, “sjå her, kjenner du ikkje att detta ordet, kann henda? Ja, ja, du hevr set dat fyrr ja? Var dat ikkje dat me sagde? Bara kòm, me hava mòng ònnur ord du nog vil kjenna att!” Um me bara kunne halda upp med åd uroa òss fyr kor mangje sem nøyta nynòrsk til kvòrtid, òg heldr midsamna òss um åd få til eit mesta òvgòdt mål, so kòma fòlk sem vilja nøyta detta målet av sjølvu ser. Um dei sjå kor gòdt me greida åd ordleggja òss med eit fullnòrskt mål, so kòma dei etter kvart til åd vilja nøyta detta målet dei au. Dat er vel ikkje åd grunda på at so fæe rita eit gòdt nòrskt mål, nær me eru so rædde fyr åd skræma burt fòlk sjøelve. Eit mål sem liver på dan vise vil aldri få nòkun vyrdnad. Bara sjå på riksmålet. Taka dei umsyn til kvat fòlk skjyna? Nei, dei kjøyra på sem dei vilja, òg nøyta dei orde dei tykkja eru turvande dar òg då. Um fòlk ikkje skjyna deim, då få dei rett òg slett sjå til åd læra seg deim! Kann henda nøyta dei slik ord òvmykjitt, so fòlk ikkje skjyna deim

òg tru at “desse kararne megu fyr visst vera klokje òg vyrdsame, sidan dei nøyta so undarleg òg ukjend ord”. Òg dimed dilta dei etter, fyr dei kunnu ikkje gjeva dan tòkkjen at dei eru styvne sem ikkje skjyna desse orde. Òg fyrr du røkk åd segja “kaku” høyrer du desse orde i munnen på nynòrskfòlk. Dei kunnu ikkje synast styve, må vita. Men freista detta hin vegjen, då få me snøgt eit fnys frå einkvan, òg so avsaka me òss òg lòva at me ikkje skulu gjera nòkut lika eins å nyu. Nei, er dat nòkut åd grunda på at dat gjengr sem dat gjengr ... ?

2. “Eg kann ikkje slik ord, òg kann då heldr ikkje rita målreinskut” Lær deim! Ja, so greidt er dat, lær deg deim. Tru ikkje at eg kunne eller kann nòrsk avlòysarord fyr òll utlendsk ord. Fest deg ved dei gode nòrske orde du ser, spyr adre sem kunnu meir en du, òg um du vil nøyta fe på slikt, kaup deg ordbøkr.

3. “Eg hevr ikkje tid til åd sitja åd finna nòrsk ord fyr alt sem finst”. Fyrst, detta er stort set ei låk avsaking fyr åd ikkje idast freista i dat heila. Òg um du hevr freistat, ikkje tak fyr mykjitt i senn. Byrja med dei orde som alt eru vanleg åd løysa av lånord med, òg lær deg dat sem verdr att med dei råderna eg sagde òvan: les goda bøkr, spyr adre, òg kaup ordbøkr.

Eg tekr gjerna eit ordskjifte kring detta, men eg kjemr til åd verda fyrstøkt um eg fær sjå eit annat hovudmotlegg mot målreinskingje en dei trju eg no hevr greidt ut um.

Vyrdsamt
Sverre Johnsen